

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Fonna HF
DATO: 14.06.18
SAKSHANDSAMAR: Olav Klausen
SAKA GJELD: **Rapport frå verksemda**

STYRESAK: **38/18**

STYREMØTE: **21.06.18**

1 vedlegg

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Helse Fonna HF tar rapport frå verksemda til etterretning.

Rapport frå verksemda, mai 2018

Innhald

1	Administrerende direktør si oppsummering.....	3
2	Økonomi	4
2.1	Økonomisk resultat	4
2.2	Investeringar.....	5
2.3	Likviditet	6
3	Aktivitet og kvalitet.....	7
3.1	Aktivitet	7
3.2	Kvalitet	7
3.2.1	Ventetid	7
3.2.2	Fristbrot	9
3.2.3	Korridorpatientar	10
3.2.4	Epikrise	11
3.2.5	Pasienttryggleik	11
4	Utskrivningsklare pasientar	12
5	Medarbeidar	13
5.1	Bemanning.....	13
5.2	Sjukefråvær	13
6	HMS.....	13

Avvik budsjett	2018-mai	Hittil i år
Salgs- og driftsinntekter	-7 263	-5 448
Varekostnad (uten innleie)	6 114	3 360
Lønnskostnad (med innleie og bs)	-1 356	-4 569
Andre Driftskostnader	897	889
Netto finans	-481	-2 239
Korrigerings pensjonskostnader	3 061	15 306
Resultat	973	7 299

Venteliste	Ventende	Behandla
Gj.snitt ventetid	52,8	58,4
Antall Fristbrudd	46	89

Månedsværk	2018-mai	Hittil i år	Hittil i fjor
Netto månedsværk	2 555,8	2513,5	2 490,3
Brutto månedsværk	2 886,6	2902,5	2 884,1


Sykefraværspersent	2018-mai	Hittil i år
Kort tid	2,0	3,6
Lang tid	3,6	3,9
Totalt sykefravær	5,6	7,5

Korridorpasienter	2018-mai	Hittil i år
Gj.snitt per dag	5,3	7,6
Antall pasienter	165	1152


Åktivitet (Dynamisk)	2018-mai	Plan	Avvik %	Hittil i år	Plan Hittil	Avvik %
Sykehusopphold Døgn	2 267	2 490	↓ -9 %	11 604	12 174	↓ -5 %
Sykehusopphold Dag	837	956	↓ -12 %	4 399	4 618	↓ -5 %
Poliklinikk	18 491	18 483	0 %	94 484	91 436	↑ 3 %
Avdelingsopphold Døgn	2 394	2 706	↓ -12 %	12 428	13 210	↓ -6 %
Avdelingsopphold Dag	914	984	↓ -7 %	4 787	4 755	↑ 1 %

Langtidsventende	Ventende	Behandla
Langtidsventende (+365)	13	7
Langtidsventende (181-365)	181	50


SYKEFRAVÆRSPROSENT




MÅNEDSVÆRK



Fristbrudd



Gj.snitt ventetid



1 Administrerende direktør si oppsummering

Økonomi

Overskotet i mai 2018 var på 3,640 MNOK mot eit budsjettert overskot på 4,614 MNOK. Dette gjev eit negativt budsjettavvik på 0,973 MNOK.

Aktivitet

Aktiviteten har variert mellom klinikkane i månaden men gjennomgåande lågare aktivitet for innlagde pasientar.

Kvalitet

Gjennomsnittleg ventetid for alle behandla pasientar var 58 dagar. Innan somatikken var ventetida for behandla pasientar 60 dagar (eigarkrav under 60 dagar), innan BUP-feltet 50 dagar (eigarkrav under 35 dagar), innan psykisk helsevern for vaksne 37 dagar (eigarkrav under 40 dagar). Innan rusfeltet ventetid på 23 dagar (eigarkrav under 30 dagar) i styringsportalen.

13 pasientar hadde venta meir enn eitt år.

36 pasientar på ventelistene har ikkje fått time innan fristen som er sett. Årsaker og tiltak er vist i rapporten.

Fire av fem av fem epikriser blei sendt innan fristen på sju dagar.

Utskrivningsklare pasientar

Talet på utskrivningsklare pasientar er høgt.

Korridorpasientar

Talet på korridorpasientar har gått monaleg ned. 1,9 prosent av sengedøgna i somatikken var i snitt på korridor i månaden.


Medarbeidar

Sjukefråværet var 5,6 prosent i mai.

2 Økonomi

2.1 Økonomisk resultat

Resultatet for perioden syner eit overskot på 3,640 MNOK mot eit budsjettert overskot på 4,614 MNOK. Dette gjev eit negativt budsjettavvik på 0,973 MNOK. Akumulert er overskotet på 14,816 MNOK, som er 7,299 MNOK lågare enn budsjettert.



Helse Fonna	Denne Perioden		
	Faktisk	Budsjett	Avvik budsjett
Inntekter aktivitetsbasert (inkl ISF)	104 868	98 719	6 149
Rammeinntekt og tilskudd	205 866	205 052	814
Andre inntekter	3 065	2 765	300
Sum driftsinntekter	313 799	306 537	7 263
Varekostnad aktivitet	32 656	31 499	1 157
Annen varekostnad/tjenestekjøp	16 916	11 959	4 957
Personalkostnad ordinær drift	200 677	205 775	-5 099
Overtid og ekstrahjelp	8 977	8 257	720
Innleie av personell	3 357	333	3 023
ADK	34 418	33 483	935
Sum driftskostnader	297 000	291 306	5 694
Driftsresultat	16 800	15 231	1 569
Av- og nedskrivning	10 658	10 696	-39
Netto finans	-560	-79	-481
Resultat	6 702	4 614	2 088
Korrigert pensjonskostnad	-3 061		-3 061
Korrigert Resultat	3 640	4 614	-973

Hittil		
Faktisk	Budsjett	Avvik budsjett
484 089	483 388	701
985 845	982 965	2 880
15 440	13 573	1 867
1 485 373	1 479 925	5 448
159 211	156 837	2 374
60 826	59 839	986
957 884	979 486	-21 602
46 890	40 821	6 070
12 430	1 467	10 963
167 343	165 750	1 593
1 404 584	1 404 201	383
80 789	75 725	5 065
53 303	54 007	-704
-2 635	-396	-2 239
30 122	22 114	8 007
-15 306		-15 306
14 816	22 114	-7 299

Negative resultatbidrag

Gjestepasientkostnadane overfor andre regioner viser eit overforbruk på 3,5 MNOK i mai. Dette gjev også 2,0 MNOK høgare ISF-inntekter. Personalkostnadane inkludert innleie og korreksjon for pensjonskostnader, er 1,7 MNOK høgare enn budsjettert i mai. Dette kjem i hovudsak overforbruk innan somatikk og meir innleie enn budsjettert.

Positive resultatbidrag

Det er eit etterslep på rapportering/koding av ISF-inntekter frå andre region innan H-reseptlegemidlar. Noko av dette etterslepet er teke inn i mai og bidreg positivt på ISF-inntektene med 3,5 MNOK. I tillegg er kostnadene med H-reseptlegemidlene 0,5 MNOK lågare enn budsjett for månaden.

2.2 Investeringar

Ny MR ved Haugesund sjukehus blei sett i drift i drift i april. Sluttsummen for ombyggingsarbeida ser ut til å bli noko høgare enn budsjettet. Føretaket er i dialog med firmaet som utførte elektroarbeida som følgje av at ein er ueinig i fleire av dei mottekne fakturaene.

Prosjekt rehabilitering av tak på Søsterheimen Valen følgjer avtalefesta framdrift. Ultimo mai mottok føretaket tilbod på rehabilitering av varmesentral i Odda og på Valen. Målsetjinga er å formalisere avtalar på på desse to oppdraga i juni, med gjennomføring i august/september.

I juli/augst vil det bli gjennomført eit arbeid med å rehabilitera fleire bad inklusiv røyr i M-blokk ved Haugesund sjukehus. .


Det er hittil å år er det gjennomført MTU-investeringer på 15,4 MNOK. ByggHaugesund2020 har ei investering på 37,0 MNOK hittil i år.

Investeringer 2018						
Bygg	Ramme	Brukt hittil i 2018	Prognose	Løpende prognose	Avvik ramme vs prognose	
Brannoppgradering Stord	1 000	5	1 000	kr	-	-
Reinvestering i Bygningar	14 535	4 836	14 535	kr	-	-
Ombyggingar MTU installasjonar	4 000	3 974	4 000	kr	-	-
Helse miljø og sikkerhetstiltak	500	-	500	kr	-	-
Bygg Totalt	20 035	8 870	20 035		-	-
Tekniske anlegg						
Reinvestering i tekniske anlegg	13 335	2 272	13 335	kr	-	-
Tekniske anlegg Totalt	13 335	2 272	13 335			
Medisinsk teknisk utstyr						
Investeringer påbegynt i 2017, men som avsluttes i 2018	21 500	14 287	21 500	kr	-	-
Enkeltkjøp under 5 mill	25 000	1 069	25 000	kr	-	-
Medisinsk teknisk utstyr Totalt	46 500	15 356	46 500		-	-
PROSJEKT BYGG 2020						
Forprosjekt Bygg2020	200 000	36 959	200 000	kr	-	-
PROSJEKT BYGG 2020 Totalt	200 000	36 959	200 000		-	-
Andre investeringer						
Ambulansar og administrative kjøretøy	6 500	404	6 500	kr	-	-
Anna utstyr	2 430	1 620	2 430	kr	-	-
Andre investeringer Totalt	8 930	2 024	8 930		-	-
Investeringer 2018	288 800	65 481	288 800			

ByggHgsd2020

Beløp i heile tusen kroner	Totalt		Investert i		
	ByggHgsd2020	2016/2017	Investert i 2018	Investert totalt hittil	Nå-2023
Investering (i 2017 kroner)	1 928 571	108 022	36 959	144 981	1 783 590
Bruk av finansieringsgrunnlag(30% egenfinansiering)	578 571	108 022	36 959	144 981	433 591
Opptent ikkje brukt finansieringsgrunnlag				195 669	
Opptent finansieringsgrunnlag både brukt/ubrukt				340 650	237 922

2.3 Likviditet



3 Aktivitet og kvalitet

3.1 Aktivitet

I psykisk helsevern var det 8320 konsultasjoner i mai måned. Dette er 362 konsultasjoner lavare enn budsjett, men 271 fleire enn fjoråret. I forhold til DRG-poeng ligg ein per mai måned 191 DRG-poeng over budsjett. Sett i forhold til talet ledige stillinger i poliklinikk samt talet på høgtidsdagar i mai måned er ein godt nøgd med aktivitetstala. Det vert arbeidd med rekruttering i ledige stillinger for å få opp aktivitet. Tiltak i «Alle møter» vert fulgt opp i høve den einsilde poliklinikk for å sikre ein best mogleg ressursutnyttelse. Klinikken har innført SMS-varsling dagen i forkant av time for å få ned andelen ikkje-møtt.

Når det gjeld døgnbehandling var beleggspersent i mai måned på 72%. Nesten 60% var øyeblikkeleg hjelp. Klinikken hadde i snitt 2 utskrivningsklare pasientar i perioden. Belegget var lavt i mai måand ved BUP haugesund (26%), SDPS (45%) og FDPS (58%). Dette er naturlege svingningar.

I somatisk klinikk Stord, er døgnopphald 11% lågare enn budsjett for mai. Dagopphald og viser 8 % høgare og poliklinikk 4% lågare aktivitet enn budsjettert.

I Kirurgisk klinikk, Haugesund sjukehus er døgnopphalda 3% lågare enn budsjett. Dagopphald og poliklinikk er også lågare enn planlagd, hhv 20% og 3% under budsjettert nivå.

Døgnopphalda i medisinsk klinikk ligg på nivå med budsjettet, medan dagbehandling var 12% lågare enn planlagd. Det var 4% fleire polikliniske konsultasjonar i mai enn lagt til grunn i budsjettet.

3.2 Kvalitet

3.2.1 Ventetid

Klinikk for psykisk helsevern:

Innan VOP er ventetid behandla på 37 dagar og innan TSB på 23 dagar. Dette er godt innafor nasjonale og regionale målkrav.

Ventetid behandla var 50 dagar i mai for BUP-feltet. Dette er innanfor det nasjonale målkravet, men over det regionale målet. For BUP Stord var ventetid behandla på 26 dagar, mens for BUP Haugesund var den på 59 dagar. Det er iverksatt omfattande tiltak for å komme innanfor dei regionale målkrava mhp ventetid:

- Poliklinikk ved BUP Haugesund vart omorganisert april/mai 2018. Ein har gått frå fleire spesialteam til to allmenpsykiatriske poliklinikker som deler opptaksområdet til BUP Haugesund mellom seg. Tiltaket styrkjer leiarlinja og dermed styring av ressursane. Vidare vert flaskehalsar i pasientforløp fjerna. Dette vil kunne gje raksare forløp og dermed kortare ventetider. Tiltak iverksatt mai 2018.
 - Innføring av forenkla standard utgreiing i tråd med komande pakkeforløp innan utgreiing og behandling på BUP-feltet. Tiltak starta opp mai 2018.
 - Overføring av pasientar til BUP Stord for pasientar som står på venteliste heimehøyrande i Sveio kommune. Det er 4 pasienter som er aktuelle.
 - Overføring av pasientar mellom 16-18 år til Haugaland og Karmøy DPS. Det er 11 pasienter som er aktuelle.
 - Ekstrainnsats igangsetjing ADHD medisinerer ved LIS kandidat i privat avtalepraksis.
- Gjennomgang av alle pågåande saker pasienter over 17 år mhp avslutning eller overføring VOP. Dette gjeld 116 pasienter.
- Innføring av SMS dagen før time for å redusere andelen ikkje-møtt ytterlegare.
 - Rekruttering i ledige stillinger. Per mai 2018 er det rekruttert inn i to av fire ledige stillinger.
 - I langtidsbudsjett 2019-2023 er det lagt opp til å styrke ressurs situasjonen ved BUP Haugesund betydeleg.

Samla ventetid for Somatisk klinikk Stord, er 45 dagar for behandla. Ingen av fagområda har ventetid over 50 dagar for behandla i mai månad. Klinikken ser at arbeid og tiltak knytt til å redusere fristbrot, også har effekt når det gjeld å få oversikt over ventetidene.

I Kirurgisk klinikk er ventetid for behandla 57,7 dagar. Fleire av pasientane som hadde venta lenge for plastisk kirurgi og generell kirurgiske inngrep er overført andre sjukehus eller privatsjukehus med avtale med Helse Vest. Odda sjukehus har avlasta Gastrokirurgisk

seksjon med dei pasientane som har venta lenge på brokk- og galleprasjonar. Elles så er god planlegging årsak til lågare ventetid.

Medisinsk klinikk har 69,4 dagar i ventetid for behandla. Det skuldast i hovudsak ei auka ventetid for behandla ved Odda sjukehus som beskrevet ovanfor. Odda sjukehus er i gong med delprosjektet i «Alle møter» programmet som kallas Optimal timetildeling. God årsplanlegging av ressursane knytta opp til pasienttilvisingar og kontrollaktivitet er essensen i prosjektet.

3.2.2 Fristbrot


Det er registrert 2 fristbrot innan psykisk helsevern for vaksne og TSB. Alle fristbrota er feilregistrert. Rutiner for korrekt registrering av pasientforløp i EPJ vert fulgt opp og innskjerpa i forhold til aktuelle einingar som har feilregistrerte fristbrot.

Somatisk klinikk Stord har i mai måned totalt 13 fristbrot for ventande pasientar. Fristbrota fordeler seg over fleire fag der sårbarhet knytt til fråvær på fagområde med få spesialistar, er hovudforklaring. Klinikken har framleis eit sterkt fokus på både å forbygge, kontrollere og følge opp fristbrot. I tillegg til gode kontrollrutiner, så er arbeidet med god planleggingshorisont høgt prioritert

Kirurgisk klinikk har ved utgangen av mai 4 fristbrot for ventande. Talet er oppdatert etter retting av feilregistreringar. Arbeidsmetodane for å overhalde fristar synar å vere godt innarbeidd. Sjukefråveret har gått ned i mai og det er færre replanleggingar grunna behandlars fråver. Overlegar vurderar tilvisingar før det er gått 2 dagar. Dette er eit godt grunnlag for den vidare behandling av pasientar før avtalt frist.

Medisinsk klinikk har klinikk har fristbrot innan barne- og ungdomsfaget, gastroenterologi og nevrologi. Tilsaman 17 fristbrot. Dette har vore kommentert tidligare. Vakante stillingar og fråver blant merkantilt personell har gitt ei utfordring med å overhalde fristar på nevrologisk og barn. Stor pågang av pasientar i gastroenterologisk. Det jobbes systematisk med tiltak for å redusere risikoen for fristbrot. Rekruttering og arbeid med oppfølging av sykemeldte er dei viktigaste tiltaka, samt ein gjennomgang av arbeidsprosessen knytta til oppfølging av rapportar og timetildeling på poliklinikken etter malen frå «Alle møter» programmet.

3.2.3 Korridorpasientar



Tal pr. 01.06.18


I styringsportalen er det registrert 7 korridorpasientar innan Klinikk for psykisk helsevern. Dette skuldast feil registrering av inneliggande pasientar og er i hovudsak knytta til to døgneiningar. Rutiner for korrekt registrering vert fulgt opp i høve aktuelle einingar.

Somatisk klinikk Stord har 1,6% av pasientane lagt på korridor i mai månad. Klinikken eit kontinuerleg fokus på arbeidet med å unngå korridorpasientar. Samhandling for å nytte alle senger best mogeleg, er tema på alle leiarnivå og i daglege driftsmøter. Overvekt av fleirsengsrom og relativt få enkeltrum, er saman med utskrivingsklare pasientar, største enkeltårsaker til at pasientar må ligge på korridor.

I Kirurgisk klinikk har 0,8% av pasientane vært korridorpasientar i mai. Dette er rekordlåg. Frå 2014 har ikkje talet vært lågare. Ei god styring med bruk av senger og funksjonsleiarar som samhandler er årsaka til det gode resultatet. Det har ikkje vore færre pasientar enn vanleg.

I Medisinsk klinikk har talet på korridorpasientar vore 3%. Det er det same talet som i apri. Også her har det vore eit betre styring, men det jobbast stadig for å påvirke til kulturendring og betre samarbeidsrutinar mellom einingane i klinikken. Leiinga er tettere på den kliniske drifta. Utskrivingsklare pasientar er hovedårsaka til dagar med overbelegg.

3.2.4 Epikrise



Tal pr.01.06.18

I mai var talet for epikrisar sendt innan 7 dagar på 80% totalt for Helse Fonna, noko som er ein liten oppgang frå førre månad. Kirurgisk klinikk ligg på ein prosentandel som på månad med 75%, noko som er ein oppgang frå april, medan Medisinsk klinikk har ein andel på 79%, noko som er litt ned. Klinikk for psykisk helsevern har andel på 85%, noko som er litt ned frå førre månad. Klinikk somatikk Stord sin andel og låg på 82% og er ein oppgang frå april.


3.2.5 Pasienttryggleik

Andelen pasientar i Helse Fonna som blir vurdert med tanke på risiko for fall, trykksår og ernæring (trygg pleie) er rimeleg stabil frå januar til og med mai 2018. Målet framover er at ein større andel skal bli vurdert med tanke på risiko for fall, trykksår og ernæring og at det skal vere mindre variasjon mellom einingar i føretaket. Klinikkane har prioritert tema i oppfølgingsmøter med seksjonar og einingar, og kvalitetsmedarbeidar i føretaket gir støtte til forbetningsarbeid.


Helse Fonna har god måloppnåing (over 95%) når det gjeld registrert bruk av WHO si sjekkliste for Trygg kirurgi. Klinikkane lagar oppfølgingsplanar for å sikre rett bruk av sjekklista.

4 Utskrivningsklare pasientar

I mai måned var det i klinikk for psykisk helsevern i snitt 2 utskrivningsklare pasientar. Dette utgjør om lag 60 liggjedøgn.



Antall liggjedøgn for utskrivningsklare pasientar



Utskrivningsklare pasientar

5 Medarbeidar

5.1 Bemanning

Brutto månadsverk hittil i år er 2.902. Dette er 18 fleire enn for same periode føregående år. For mai 2018 er brutto månadsverk 2.887.

Netto månadsverk hittil i år er 2.513. Det er 23 fleire enn for same periode føregående år. For mai 2018 er netto månadsverk 2.556.

5.2 Sjukefråvær

Føretaket har eit registrert sjukefråvær på 5,6 prosent i mai måned, mot 6,3 prosent i mai 2017.

Kortidsfråværet er 2,0 prosent og langtidsfråværet 3,6 prosent i mai 2018.

Korttidsfråværet er redusert med 0,6 prosent, medan langtidsfråværet er redusert med 0,1 prosent samanlikna med mai 2017.

I mai måned var eigenmeldt fråvær 0,5 prosent og sjukemeldt fråvær 5,1 prosent.

Hittil i år er sjukefråværet 7,5 prosent. Korttidsfråværet er 3,6 prosent og langtidsfråværet 3,9 prosent. Eigenmeldt fråvær er 1,3 prosent og sjukemeldt fråvær er 6,2 prosent hittil i år.

Følgjande klinikk/omåde har høgast fråvær per mai 2018:

- Internservice området har eit sjukefråvær på 8,3 prosent (0,6 prosent eigenmeldt og 7,7 prosent sjukemeldt), mot 7,9 prosent mai 2017.
- Klinikk somatikk Stord har eit sjukefråvær på 8,1 prosent (0,4 prosent eigenmeldt og 7,7 prosent sjukemeldt), mot 5,4 prosent mai 2017.

6 HMS

Uønska hendingar HMS/ansatteskadar i perioden

(Statistikken er tatt ut 1. juni.)

Uønska hendingar	Mai 2017	Mai 2018	Per mai 2017	Per mai 2018
Usortert (ikkje sakshandsama)	0	25	2	65
Med konsekvens	13	2	83	59
Utan konsekvens	31	13	143	205
SUM	44	40	228	328

Tal på melde saker som gjeld vald og truslar er aukande:

Vald og truslar	Per mai 2017	Per mai 2018
Usortert (ikkje saksbehandla)	0	1
Vald	44	25
Truslar	48	109
SUM	92	135

Eksempel på saker i perioden:

- Verbale truslar frå pasient/pårørande
- Fysisk vald eller forsøk på fysisk vald frå pasient mot personale
- Høg temperatur i arbeidslokaler på varme dagar i mai

Alvorlege saker

I mai er det ikkje meldt om skadar der det har vore sjukefråvær eller skadar som vert kategorisert som medisinsk behandlingsskade eller varig mén.